



Geir Allan Fylkesnes
Bakken 22 B
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/7684 - 20/18185

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Ferdigattest - gbnr 108/271 - tomannsbustad Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 392/20

Tiltakshavar: Geir Allan Fylkesnes, Marianne Fylkesnes, Laila Beate Kaland
Ansvarleg søkjar: Arkitektcompagniet AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gbnr 108/271 seksjonar 1-2 på Lindås. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Arvid Rikstad på vegne av tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Tidlegare vart det gjeve mellombels bruksløyve i sak 2009/288 den 27.05.2010. Ansvarleg søkjar Arkitektcompagniet AS har gått konkurs.

Gjennom motteke dokumentasjon er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 2009/288, datert 06.05.2009. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 13.01.2010 og supplert 27.03.2020. Synfaringa av 19.04.2010 med vegavdelinga har avdekkja fleire manglar, m.a. manglande sikring av vegfylling ved kommunal veg. I e-post av 27.03.2020 frå

Rune Kilen v/avdeling for samferdsel, veg, vatn og avlaup i Alver kommune vart det stadfesta at vegforhold og mur no er i orden.

Skildring

Adresse:	Bakken 22A og 22B
Bygningstiltak:	tomannsbustad
Bygningsnummer:	300056903 og 300056912
Bruksareal:	Totalt: 274 m ² , per buening 137 m ²
Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	2

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7684

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arvid Rikstad

Tyriveien 4 CC 5104
O Kristine

EIDSVÅG I ÅSANE

Kopi til:

Stensund

Mottakarar:

Geir Allan Fylkesnes
Laila Beate Kaland
Marianne Fylkesnes

Bakken 22 B 5955
Bakken 22 A 5955
Bakken 22 B 5955

LINDÅS
LINDÅS
LINDÅS